



Kystverket Vest

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1211 - 17/8051

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
20.06.2017

## Tiltak i Mangersfjorden - uttale til handsaming etter hamne- og farvasslova

Dykkar e-post av 14. juni 2017.

Kommunen viser til telefonsamtale i dag og oppsummerar som følgjer:

Radøy kommune har tidlegare gjeve planfagleg uttale til Kystverket i brev av 09.03.17 når det gjeld søknad frå Radøygruppen og til Hordaland Fylkeskommunen i brev av 09.03.17 når det gjeld søknad frå Lingalaks.

### Planstatus

Kommunen har på nytt diskutert saka internt og vår planfagleg vurdering er uendra.



Utsnitt frå Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 og Kommunedelplan for Manger 2007-2019

Som det går frem av vår uttale til Hordaland fylkeskommune av 09.03.17 er det kommunen sin vurdering at ein eksklusiv bruk over tid av fleirbruksområdet i sjø vil vere i strid med arealføremål i plan.

Kommuneplan for Radøy kommune har ikkje føresegner om bruk av fleirbruksområde i sjø, og kommunen har følgjeleg ikkje heimel i gjeldande planverk for å prioritere mellom tiltak i fleirbruksområde.

Når det gjeld plassering av riggar i Naturområde i sjø, ut over heilt kortvarig oppankring av registrert fartøy, gjer kommunen merksam på at dette vil dette krevje planavklaring.

Som nemnd på telefon er det viktig for kommunen at det i Kystverket sin handsaming takast omsyn til at sjøområdet er mykje nytta både til skipstrafikk, fiskeri og fritidstrafikk. Det bør ikkje godkjennast tiltak som kan medføre fare for dei som ferdast i området eller vere konfliktskapande. Det må takast omsyn til at det må vere manøvreringsrom for store fartøy, herunder fartøy som går på slep, og det må takast omsyn til tilkomst/tilflott til næringsområde, båthamn, friluftsområder, mm.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Kystverket Vest